



VALLE KOMMUNE

Postboks 4  
4746 VALLE

## Statsforvaltarens uttale til forslag til kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi (2026 - 2038) for Valle kommune

Vi syner til brev datert 08.04.2026 frå Valle kommune med vedtak om å leggje forslaget til kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi ut til offentlig ettersyn. Statsforvaltaren gav ein uttale til oppstarten av arbeidet i brev datert 27.01.2025.

### Overordna vurdering

Statsforvaltaren meiner Valle kommune har gjort eit godt arbeid med denne planen. Dokumentet er fint presentert og lett å lese. Samfunnsdelens plass i kommunens plansystem er godt beskrive, og saksframlegget til kommunestyret gir en god omtale av arbeidet og viser at kommunen tenker riktig rundt planen. Kommunen har brukt tid på planarbeidet, og gjennomført mye lokal medverknad i prosessen. Ønske om eit breitt samarbeid på dei fleste område mellom kommunen, næringsliv, organisasjonar og befolkninga i Valle står fram som ein rød tråd i planen, med folketalsutviklinga som det underliggende hovudtema.

Planen er formulert på eit generelt nivå, med føresetnad om oppfølging og konkretisering i budsjett og sektorplanar for å få konkret verknad. Statsforvaltaren anbefaler likevel kommunen å vurdere om planen kan konkretiserast på nokon punkt i slutføringa av arbeidet, og også ved neste revisjon av planen.

### Konkrete kommentarar til dokumentet

Valle har valt å ikkje ta med ei oppstilling av nasjonale og regionale planer mm. som er grunnlag for samfunnsdelen. Kommunen står fritt til å gjere dette. Ei mellomløyising kan vere å nemne sentrale dokument i teksten under utfordringar eller satsingsområda. Statsforvaltaren er oppteken av at ROS Agder blir nytta som eit verktøy i kommunens arbeid med beredskap. Det er bra at beredskap er eit fokusområde i planen.



Globalt og nasjonalt er pågåande utvikling med aukande global oppvarming og hurtig tap av naturmangfald urovekkande. Det er betydelege konflikhtar mellom mål om næringsutvikling i det grønne skiftet, ønske om stor auke i produksjon av fornybar energi, og samtidig redusert nedbygging og meir vern av naturareal. Valle forvaltar store naturområde inkludert villreinområde, og har omfattande næring knyta til hyttebygging og reiseliv. Valle er dermed plassert i kjernen av denne brytningstida for arealpolitikken. Dei to relativt nye planretningslinjene - [Statlige planretningslinjer for klima og energi](#) (SPR for KE) og [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet](#) (SPR for AM) - er sentrale føringar for vegen vidare, og skal leggjast til grunn for alt planarbeid. Ein referanse til desse i starten av planen eller i arealstrategien synes naturleg.

Det er bra at Valles posisjon som vannkraftkommune er omtala i planen. I lys av at Valle i 2025 har posisjonen som landets fjerde rikaste kommune, med frie inntekter pr. innbyggjar på vel det dobbelte av landsgjennomsnittet, kunne kanskje denne omtalen vore utvida noko. Kva konkret ønskjer Valle å investere desse svært store inntektene i – på mellomlang sikt?

Ved oppstarten av planarbeidet påpeika vi at Valle mangla ein folkehelseoversikt. Vi ser nå at denne kom på plass kort tid etter vår uttale, og at oversikten er brukt i planarbeidet. Dette er svært bra, og det er fint at folkehelse er fokusområde. Ein detalj er at stikkorda «fysisk aktivitet» og «idrett» ikkje er brukt i planen?

Vi stussar på at Valle ikkje nemner interkommunalt samarbeid som del av si situasjonsforståing. Interkommunale løysingar har stort omfang, og er antakeleg i praksis heilt avgjerande for at ein kommune som Valle kan levere naudsynte tenester til sine innbyggjarar. Det interkommunale samarbeidet med Bykle kommune på helseområdet, er noko av det formelt mest omfattande vi har i Agder og kanskje nasjonalt, og difor av stor interesse. Vi vurderer at Valle sin strategi for vidare utvikling av interkommunalt samarbeid bør vere forankra i kommuneplanens samfunnsdel.

Folketalsutviklinga inkludert alderssamansetninga er løfta som ei hovudutfordring i planen. Likevel kunne den konkrete utfordringa med tal eldre, volumet av demensomsorga mm. framover, vore nemnd tydelegare i planen. Behovet for egne bustader for eldre i sentrumsområda er ei utfordring kommunen kan gjere noko med. Ny bustadsosial lov frå 2023 gjer oversikt over bustadbehovet, og tiltak for sårbare grupper, til kommunale oppgåver.

Det er positivt at planforslaget løfter fram gode nærmiljø, møteplassar og inkludering som viktige element i samfunnsutviklinga. Statsforvalteren vil likevel understreke behovet for ei tydeleg og systematisk ivaretaking av barn og unge sine interesser i planlegginga. Gode oppvekstvilkår er sentralt i arbeidet med bulyst.

### **Innspel til Arealstrategien**

Statsforvaltaren meiner Valle har utvikla ein ny arealstrategi med mye godt innhald. Bruk av prinsipielle kartskisser kombinert med mål om fortetting og utvikling i sentrale område, er vesentlege og gode startpunkt for planarbeidet framover. Vekt på kvalitet, kunnskapsgrunnlag og berekraft i planarbeidet er strategiar som vi kan stille oss bak.



Kartet i arealstrategien gjev inntrykk av at Valle og Rysstad har same status, dvs. to kommunesenter. Er dette tilsikta – eller kan kanskje Rysstad heller omtales som lokalsenter?

Det grønne området namnsett med «naturbegrensingar» i oversiktskartet viser utstrekning av heieplanen. Det bør opplysast i dokumentet at nyare kartlagd villreinområde har ein større utstrekning enn dette, slik at det ikkje gis villeiande informasjon i samfunnsdelen.

Eit sentralt vilkår for å kunne lukkast med fortetting og styrka utvikling av eksisterande senter, er at mest mogeleg av utviklingskraft og nybygging faktisk blir nytta i desse områda. Vi meiner at avsnittet «Føresetnader for å lykkast med arealstrategien» derfor bør omtale såkalla «planvask» av eldre planer, og kartlegging av fortettingspotensiale, slik planretningslinjene krev.

Som vi har klårgjort i møte med kommunen nyleg, er handlingsrommet for ny hyttebygging nå vesentleg endra. Fortetting og transformasjon er hovudregelen, og nedbygging av nytt naturareal skal unngåast. Heieplanen er utdatert, og revisjon er igangsett, med finansiering frå staten.

Ut over hovudstrategien i kulepunkt 2 om å «*Prioritere fortetting og utvikling i sentrale område, inkludert hytteutvikling i Brokke, slik at ein nyttar eksisterande infrastruktur best mogleg*», er arealstrategien lite konkret på det mest aktuelle tema - villrein og hyttebygging. Her kunne Agder fylkeskommune sitt arealrekneskap (2023) for Valle vore omtala. Rekneskapen viser at Valle kommune har ein vesentleg arealreserve for fritidsbustadar, totalt 6083 daa, der 6027 daa er planlagde innanfor skog, open fastmark og myr. Ein utnyttingsgrad på 25 % kan gje om lag 1520 nye hytter. Til samanlikning er det bygd 802 hytter dei siste 25 åra (kjelde: Matrikkelen). Ein så stor arealreserve er etter vår vurdering ikkje foreinleg med dei nasjonale føringane for arealforvaltninga og målsetjingane for villrein i Setesdal Austhei og Vesthei. Plandokumentet belyser i liten grad denne utfordringa, som vi ser som ei sentral utfordring i Valle, og sentral for det pågåande planarbeidet med kommunedelplan for Brokke.

Statsforvaltaren minner også om at fleire hytte-kommunar har teke initiativ for å sjå på meir miljøvennlige måtar å bygge hytter på. Ei overordna målsetting for Valle som dei andre typiske hyttekommunane må være å auke næringsverksemda knyta til dei hyttane som allereie finns, meir enn til bygging av nye hytter på nye naturområde.

Vi ønskjer Valle lykke til med det vidare arbeidet med planar og oppfølging av dei. Vi er opne for kontakt undervegs i prosessane så langt kapasiteten rekk.

Med helsing

Gunnar Ogwyn Lindaas  
miljøverndirektør  
Seksjon plan

Thomas Christian Kiland-Langeland  
seksjonsleder plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Agder fylkeskommune  
Statens vegvesen

Mattilsynet  
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)

Direktoratet for mineralforvaltning med  
Bergmesteren for Svalbard

Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM